



Rolf Arild Taule  
Austesundvegen 1  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4375 - 21/47666

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
01.07.2021

## Avslag på krav om retting - gbnr 474/30 Olsvoll

Syner til motteke krav om retting av grenser i matrikkelen, motteke 07.05.2021 og til utsendt brev frå oss datert 18.05.2021.

### Saksutgreiing:

Etter å ha motteke tilbakemelding på utsendt brev der me ba om uttale til motteke krav har me motteke tilbakemelding frå 2 av dei involverte naboane til gbnr 474/30. Dei er ikkje samde i at grensa for gbnr 474/30 skal gå slik du krev. Etter deira syn grenser ikkje bnr.30 mot bnr.5.

Ved ein gjennomgang av motteke skyldskifte for gbnr 474/30 ser ein at bnr.5 ikkje var innkalla til skyldskifteforretninga. Om bnr. 30 skulle ha felles grense mot bnr.5 ville det vore naturleg å innkalla eigar av bnr.5 til forretninga.

Ut frå tilbakemelding frå eigar av bnr.5 har bnr. 5 gjerdeplikt på aktuelle grensestrekning. I skylddelinga til bnr.30 står at bnr.30 har gjerdeplikt rundt heile parsellen. Dette ville ikkje stått dersom eignedomen skulle grense mot bnr.5 som hadde gjerdeplikt på strekninga.

Etter matrikkellova § 26 tredje ledd første punktum kan retting av opplysningar om mellom anna grenser i matrikkelen i utgangspunktet berre gjerast på grunnlag av ei ny oppmålingsforretning, rettskraftig avgjerd frå domstolane, eller avtale mellom partane når vilkåra for dette i matrikkellova § 19 er til stades.

Etter matrikkellova § 26 tredje ledd andre punktum kan kommunen likevel rette slike opplysningar som nemnd i føresegnas første punktum «*når det blir dokumentert at opplysningane er feil, og dette kjem av feil i registreringa eller i vedlikehaldet av matrikkelen*».

Frå rundskriv H H-18/15 Endringer i matrikkelforskriften fra 1. januar 2016 mv. går det fram at retting kan krevast av partane, men det må dokumenterast at det føreligg semje mellom alle berørte registrerte eigarar og festarar om rettinga. I denne saka er ikkje alle partar samde om rettinga.

Ei eventuell klarlegging av grensene, eventuelt ei endring av grensene i matrikkelen kan først skje etter ei oppmålingsforretning etter reglane i matrikkellova §§33 og 34 jf. Matrikkellova §6. Grensene vil då verta klarlagte etter gjeldane reglar.

**Vedtak:**

Med heimel i matrikkellova §26 vert krav om retting av feile grenser i matrikkelen avslått. Grunngeving går fram av saksutgreiinga over.

**Klage:**

Denne avgjersla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev

Med venleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

|                                     |                  |      |           |
|-------------------------------------|------------------|------|-----------|
| Bjarte Taule                        | Olsvollvegen 118 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Eivind Hordvik                      | Olsvollvegen 116 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Irmelin Benedicte Fjeldberg Hordvik | Olsvollvegen 116 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Ruth Olsvold                        | Olsvollvegen 108 | 5938 | SÆBØVÅGEN |

**Mottakarar:**

|                  |                  |      |           |
|------------------|------------------|------|-----------|
| Rolf Arild Taule | Austesundvegen 1 | 5938 | SÆBØVÅGEN |
|------------------|------------------|------|-----------|